

Trafikkplan for Forsand skule



Kriteria for ein trafikksikker skule:

- Skulen har ein plan for å ivareta eleven si sikkerheit til og frå skulen, enten dei går, sykler eller blir køyrt.
- Skulen har utarbeida rutinar for å ivareta sikkerheita på turar til fots, sykkel, i bil/buss eller med kollektivtransport i skulen sin regi.
- Skulen har gode rutinar for at planane blir fulgt av dei tilsette.
- Skulen har integrert trafikkopplæringa i lokal læreplan/årsplan i tråd med kunnskapsløftet sine kompetanse mål.
- Skulen legg til rette for at det blir gjennomført god trafikkopplæring – blant anna ved innkjøp av materiell eller kursing av lærarar.
- Skulen sin trafikkplan er eit årleg tema på foreldremøter og i FAU.
- Foreldra blir involvert i skulen sitt trafikksikkerheitsarbeid – gjennom Foreldra sitt arbeidsutval FAU

Retningslinjer for turar

(Generell info som gjeld når klassar er på tur)

Forarbeid

Arbeidslag / trinn sørger for å:

- Gå gjennom eventuelle tidlegare vurderinger av tilsvarende aktivitet før planlegging og organisering av opplegg. Gje informasjon til heimen.
- Minimum to vaksne har ansvar for kvar gruppe. Dei ansvarlege for kvar gruppe avtalar den enkelte sine oppgåver.
- Ein voksen frå kvar gruppe skal ta med førstehjelpsutstyr og mobiltelefon.
- Ansvarleg voksen tar med elevliste med telefonnummer til førsette.
- Ha oversikt over talet på elevar.
- Gje beskjed til inspektør / kontoret i god tid før utflukta/turen.

Turar til fots

- På tur skal det alltid vera ein voksen som går først og ein voksen som går sist. Dei har på seg refleksvest.
- Dersom ein tur går langs trafikkert veg vurderer læraren om ein skal repetera reglane for god ferdsl i trafikken som fotgengar, samt korleis ein kryssar ein veg. Dette skal repeterast minst ein gang kvart skuleår.

Turar på sykkel

- Elevar som syklar skal ha sykkelhjelm og ein sykkel som tilfredsstiller kravet til ein fungerande sykkel.
- Ein voksen syklar først, og ein til sist.

Turar ved vatn/sjø

- Bading skal kun skje når ein voksen med gyldig livredningsprøve er tilstade.
- Voksen med gyldig livredningsprøve skal ikkje vera i vatnet under oppsyn med elevar, og skal ikkje ha ansvar for fleire enn 15 elevar samtidig.
- Elevane skal ha skriftleg godkjenning frå heimen.
- Elevane skal ha lært badevettreglane.

Turar med buss

Som lærar skal du ha fokus på følgjande punkt:

- Informer elevane om korleis dei skal oppføra seg på haldeplass og om bord i bussen.
- Ha full oversikt over avreisetidspunkt, reisemål og tidspunkt for retur.
- Pass på at tidspunkta blir heldt, og at elevane held seg samla.
- Pass på at elevar sit i ro i seta og brukar sikkerheitsbelte under heile turen.
- Plasser deg i bussen slik at du kan følgje med elevane og gripe inn ved avvikande åtferd.
- Ta ein runde i bussen etter at elevane har gått av for å ta deg av gjenglemte gjenstandar, søppel mm.
- Hjelp elevane / sjåføren med lasting / lossing av bagasje.

Bruk av privatbilar

Dersom skulen brukar privatbilar skal skriftleg godkjenning innhentast i forkant for kvar enkelt elev.

Ulykker på tur

- Ved eventuelle skader skal føresette kontaktast med det same.
- Ring alltid 113 først dersom skaden er alvorleg!
- Ring deretter kontoret på skulen.

Lokal læreplan for trafikkopplæring ved Forsand skule

Kompetanse mål	Læringsmål	Aktivitet
1. – 4. klasse		
Elevane skal kunne følge trafikkreglar for fotgjengarar og syklistar.	<ul style="list-style-type: none"> • Kunne vite kva side av vegen ein går og syklar på. • Kunne krysse fotgjengarfelt. 	Alltid trafikktrening når me går på tur.
5. – 7. klasse		
Elevane skal kunne praktisera trygg bruk av sykkel som framkomstmiddel.	<p>Kunne dei viktigaste reglane som syklist:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Syklistar har vikeplikt frå høyre, og fotgjengarane i gangfelt. • Du kan sykla på fortau og i gangfelt men må ta omsyn til fotgjengarane. • Du skal gje teikn før du svingar eller skiftar plass i vegbanen. 	På Sandnes Sykkel- og aktivitetsgård får dei praktisk og teoretisk trening.
8. – 10. klasse		
<ul style="list-style-type: none"> • Elevane skal gjera greie for korleis trafiksikkerheitsutstyr hindrar og minskar skader ved uhell og ulykker. • Elevane skal gjera greie for omgrepene for fart og akselerasjon, måle storleiken med enkle hjelpe middel og gje eksempel på korleis kraft er knytt til akselerasjon. • Elevane skal følgje sikkerheitstiltak som er beskrive i HMS-rutinar og gjera risikovurderingar. 	<ul style="list-style-type: none"> • Forklara kva som er årsaken til at bruk av hjelm og bilbelte gir vern mot skade når uhellet skjer. • Elevane skal kunne bruke dei vanlegaste måleiningane for lengde og tid. • Elevane skal kunne rekne ut fart. 	<ul style="list-style-type: none"> • Demonstrasjon som viser kor viktig trafikktryggleiksutstyr er (t.d. egg i liten isoporhjelm) • Praktiske øvingar i måling av fart, gjennomsnitt, tid og avstand.

Reflekskampanje i regi av ordførar, FAU og politi om hausten.